Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. Fylke: A.-Agder.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bykle.

Emne: Lauving. Bygdelag: Setesdal

Oppskr. av: Lærar h.v. Svein Rygnestad Gard:

(adresse): Bykle G.nr. 14 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og gamle segner.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Spørsmål

SVAR

1. Ja. Helst som hjelpefor. Ja.

2. Lauvannir var frå Svintunnsoke - 2 juli - umlag 1 veke til slåttonni tok til i skogen. So lauva dei etter slåttonni før lauvet bleikna um hausten. Det var bjørk og osp, raun og vier.

3. Lauvsigd. 

4. Ein lauva med felte tre, rynningar og kvister. Trei vart også kyllte, helst ospi.

5. Ospelauv vart køyrt heim eller bore inn med det same det var lauva. Kom det regn på det, so vart det svart.
Bjørkelauv vart bunde i kjervar - som ospelauvet - og hengt på dei avhogne

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1743

2. 5 stublar med „sjoren" upp og toppen ned. Når lauvet var turt, vart det bore saman og sett i stakk rundt eit tre. Det vanlege var 6 tjug – 120 – i ein stakk. Det vanlege var at guten lauva 6 tjug og jenta 5 tjug um dagen.

Det må vera tvo til å setja stakken: ein sender kjervene og ein fester dei til sveisi, so dei stend på sneid upp med toppen inn. På toppen breisklar ein rundt ein kjerv med toppen ned og bind rundt ei vidje.



6. Lauv vart frakta heim som høyet. 6 tjug er passeleg lass

7. Ja.

8. Lauvkjervene vart helst reiste inn til veggene og gjevne helst til sauene med ein halv kjerv til kvar sau eller geit ein gong um dagen. Ospelauv vart rekna best og vart ogso gjeve slorkrøtur. Veid hesten av iglar eller makk i magen so hjelpte det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9. Osp, raun, bjørk, selje, vier.

10. Nei.

11. Nei.

12. Fell burt.

13. Av og til.

14. Ja.

15. Nei.

Tang og tare fenst ikkje.

—

Mose og røter vert ikkje nytta.

1743
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING